

SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 3 2021



Om bladet

Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48,

5411 Stord

Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: kyrkjastord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontonr: 3201.23.04578

Vipps: Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast

"SPIRA"

Design: Preg Design AS

Framsidefoto: Elisabeth
Fauskanger

Trykk: Skag Design og Trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 3/ årgang 3

Papir: Miljøvennlig Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Dag Kjetil Lægreid

Reidar Ådnanes

Kyrkjelydsblad vert ifølgje forbrukartilsynet ikkje rekna som uadressert reklame, og fullstillerast til alle husstandar i kommunen.

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Stord og Nysæter

"Kjekt å sjå deg"

Velkommen! – Det er temaet for det tredje Spira i år. Du kjenner det når du blir ønska velkommen: Varmen i smilet og augene. Det gode handtrykket og varmen i stova.

Det er godt å bli sett og bli teke imot; i selskap, i kyrkje, heim eller som tilflyttar til ein ny stad.

Kva er det så som gjer at me kjenner oss velkomne? Me skal sjå litt på dette i Spira denne gongen: Korleis kvar og ein av oss kan vera med og bidra til at dei me møter kjenner seg sett og velkomne.

Juletida kjem i kyrkja med bod til oss om at me ikkje er åleine. Gud blir menneske, ein av oss. På same måten som me treng omsorg og

kjærleik gjorde han det. Jesus.

Kanskje kan det vere ei oppmoding til deg som les om at det er viktig at me ser kvarandre? Ver med og vis omsorg. Lat oss vera med og bry oss, opna opp, ønske kvarandre velkommen.

Denne utruleg fine tida, er for nokon krevande. Einsemda kjennest fort ekstra stor. Ver med og la menneske kjenne at det er "kjekt å sjå deg!"

OLAV OMA, SOKNEPREST

Kyrkjelydsleir på Solgry 4.-6.februar 2022

Mange vil vera med til Solgry på kyrkjelydsleir! Me gler oss!

Det blir ei helg der me skal vera SAMAN i måltida, med kaffikoppen, i leiken og i dei mange ulike aktivitetane. Og SAMAN med Gud i song, bibelsamlingar, gudsteneste og bøn.

Leiren er fullteikna, men de er mogleg å sette seg på venteliste. Då sender de mail til Kjellaug Stautland Eide på kjls@online.no. Oppgi namn og alder + evt allergiar.

I leirkomiteen er: Sigrunn Ljosland, Elisabeth Fauskanger, Dagfinn Koppang, Kjellaug S Eide og Olav Oma.



Frå konfirmantleir på Solgry tidlegare i haust.
Foto: Kyrkjekontoret

Advent og jul i kyrkjene

No, ved inngangen til julehøgtida, er me ikkje heilt sikre på korleis det blir. Kva føringar kjem for store arrangement som dei me har i kyrkjene til jul? Uansett vil me gjera det me kan for å bidra til høgtid og juleglede for store og små her på Stord. Nedanfor kan de lesa meir om planane for juledagane, slik det ser ut i det bladet går i trykken. Me tek etterhald om at det kan bli endringar fram mot jul.

GUDSTENESTER I JULEHELGA

Me ønsker velkommen til flotte gudstenester, med vakre tonar, gode ord, tindrande lys, høgtid og julestemning.

JULAFTAN, 24. DESEMBER:

- Huglo bedehuskapell: Julegudsteneste kl. 15:00
- Nysæter kyrkje: Julegudsteneste kl. 13.30 og 15.00.
- Stord kyrkje: Julegudsteneste kl. 13:30, kl. 14:45 og kl. 16:00

1. JULEDAG, 25. DESEMBER:

- Nysæter kyrkje: Høgtidsgudsteneste kl. 12.00
- Stord kyrkje: Høgtidsgudsteneste kl. 12:00

2. JULEDAG, 26. DESEMBER:

- Stord kyrkje: Minnegudsteneste kl. 11:00 (sjå meir til høgre.)

NYTTÅRSAFTAN, 31. DESEMBER:

- Stord kyrkje: Midnattsgudsteneste kl. 23:00

1. NYTTÅRSDAG, 1. JANUAR:

- Nysæter kyrkje: Høgtidsgudsteneste kl. 12:00

SØNDAG 2. JANUAR:

- Stord kyrkje: Gudsteneste kl. 11:00

NB! Grunna nye korona-restriksjonar, kan det vera at noko av det som står i bladet ikkje lenger er aktuelt. For oppdatert informasjon, Følg med på heimesida vår og på facebook:

🌐 kyrkjastord.no
⌚ [@kyrkjastord](https://www.facebook.com/kyrkjastord)

NYSÆTER KYRKJE FYLLER 30 ÅR

Det markerer me med Jubileums-gudsteneste søndag 19.12, kl 11.00 i Nysæter kyrkje (Fellesgudsteneste for Stord/Nysæter). Sanctus syng, prestar, diakon, kantor, prost, klokkar og kyrkevertar kjem - bli med du og! Det blir høve til å koma med helsingar på kyrkjekaffien.

MINNE-GUDSTENESTER



Julehøgtida er ei "forstørrelses-glas-tid". Det som er godt blir gjerne endå betre, og det som er vondt vert ofte endå meir smertefullt.

Slik kan det vera godt med ei stund i kyrkja for å minnast dei me saknar.

Søndag 26.desember kl. 11.00 inviterer kyrkja til minnegudsteneste med musikk, song, trøystande ord, stillhet og lystening.

Saman ønskjer me å gje rom for å minnast dei som er døde og gravlagde i kyrkjene på Stord dette siste året.

Namna deira vil bli lest opp, det blir anledning til å tenna lys for dei ein tenker på og lytta til song og musikk.



3 om å flytta, finna fram og bli teken imot

Kva kan ein gjera for å finna seg til rette på ein ny stad? Og kva kan me alle gjera for at den som er ny skal kjenna seg vel teken imot? Me har spurt tre som har flytta til Stord om dette og litt meir.



Maru Alamirew Guadie. Foto: Privat

Namn: Maru Alamirew Guadie
Alder: 47 år
Kjem frå: Etiopia
Jobbar som: Førsteamanuensis på HVL
Bur: Myrateigen, Heiane

Når flytta du til Stord?
 Eg flytta hit frå Trondheim i 2014.

Kvifor flytta du til Stord?
 Me flytta frå Etiopia til Trondheim, der eg tok doktorgraden min ved NTNU. Der budde me i 4 år. Planen var å reise tilbake til Etiopia, men så søkte eg på ei ledig stilling på HVL og fekk den jobben.

Korleis opplevde du å koma til ein ny stad?

I starten kjende me på frustrasjon. Me likte oss i Trondheim. Der var det meir internasjonal. Etter kvart som me vart kjende på Stord så opplevde me det som positivt å

koma til Stord. Me møtte gode folk her. Klima er òg varmare her enn i Trondheim. Å koma til eit nytt land kan vera utfordrande, særleg språkleg. Eg starta med å læra av barna mine og av kollegaer.

Kva opplever du som positivt med Stord?

Folk her er meir interaktive. Dei tek kontakt og spør om det dei lurar på. Eg har veldig positive kollegaer og vener som ønskjer å bidra til at eg vert ein del av samfunnet. Eg trivst god med jobben min og med studentane mine. Ein annan ting som er positivt er at det ikkje er kø og trafikklys her!

Er dette ein stad du ønskjer å bu på i framtida?

Planen er at ungane mine skal gjenomföra vidaregåande skule her, og så skal me flytta attende til Etiopia. Der har me stor familie.

Kva er dine tips for å integrera deg ved flytting til ein ny stad?
 Lær språket og kulturen! Ta del i samfunnet. Push yourself!

Dette kan folk på Stord bli flinkare til i møte med nye innbyggjarar:

Egentleg så veit eg ikkje. Det handlar mykje om deg sjølv, men kanskje motivera folk til å ta kontakt og snakka med alle.

”

Lær språket og kulturen! Ta del i samfunnet. Push yourself!

Maru Alamirew Guadie



Ragnhild Valvatne Gavshon. Foto: Privat

Namn: Ragnhild Valvatne Gavshon
Alder: 32 år
Kjem frå: Stord
Jobbar som: Lærar
Bur: Valvatne

Når flytta du til Stord?
 Eg flytta attende til Stord for ca 3,5 år sidan saman med mannen min Steven og to små gutter.

Kvifor flytta du til Stord?
 Eg flytta fordi eg ville vera nærmare familie etter at me hadde fått to gutter.

Korleis opplevde du å koma attende?

Eg har alltid hatt eit veldig positivt forhold til Stord, men det var ein stor overgang for mannen min å kome til Stord, etter nokre år i Oslo og Stavanger. Han har aldri budd på ein så liten plass. Han kjem frå

Perth, og synes det var eit sjokk å flytta til ein liten by som Oslo.

Kva opplever du som positivt med Stord?

Det positive med Stord er at det er korte avstandar, flott natur og når det første skjer noko kan ein rekna med at heile Stord møter opp.

Er dette ein stad du ønskjer å bu på i framtida?

Me ser for oss å bu permanent på Stord, men det vert nok eit år eller to i Australia om nokre år.

Kva er dine tips for å integrera deg ved flytting til ein ny stad?

Eit tips til integrering er å finne og delta på dei samlingspunktene som finst på Stord. Det er eigentleg mange ulike plassar der ein kan møta folk, men me er ikkje så flinke til å gjere dei kjende for andre enn dei som allereie veit om dei, eller kjenner nokon som går der. Stord kan fort verta litt einsamt om ein ventar på at nokon andre skal ta kontakt, dverre.

Dette kan folk på Stord bli flinkare til i møte med nye innbyggjarar:

På Stord kan me verta betre på å vera meir frampå og ta kontakt. Me er mykje styrt av at det er eit lite samfunn og "kva vil dei andre tru-tankar". Me må torna å spørja andre om dei vil vera med på ting, sjølv om me ikkje kjenner dei så godt.



Vegard Johansen. Foto: Privat

Namn: Vegard Johansen

Alder: 31 år

Kjem frå: Alta

Jobbar som: Miljøarbeidar

Bur: Ådland

Når flytta du til Stord?

Eg har flytta til Stord ikkje mindre enn to gonger. Først i 2010, før min betre halvdel og eg flytta til Finnmark. Me flytta tilbake igjen til Stord i 2015.

Kvífor flytta du til Stord?

Me flytta hit då vårt eldste barn vart fødd. Det vart skremmande langt til sjukehus i Finnmark, med 3 timars reisetid éin veg. På Stord har eg i tillegg ein flott svigerfamilie, så valet vart lett.

Korleis opplevde du å koma til ein ny stad?

Det er nokre forskjellar på Alta og Stord, både sosialt og kanskje spesielt med tanke på vêr. Å koma til Stord som finnmarking er gøy, dialekt-parodiane sit alltid laust. Eg føler eg har blitt teken godt i mot.

Kva opplever du som positivt med Stord?

Hehe, at eg ikkje treng å måka snø fleire månadar i strekk. Det er fint at Stord er ein stor nok by til at ein får tak i det ein treng, samstundes som ein slepp storby-rush, bråk og

“

Viss nokon takkar nei til ein invitasjon, spør igjen!

Vegard Johansen

larm. Og ikkje minst alle fotballbanene som er tilgjengelege (og snøfri mesteparten av året). Det er mange aktiviteter som ein kan hive seg med på og det hjelper mykje på det sosiale.

Er dette ein stad du ønskjer å bu på i framtida?

Absolutt! Eg trivst her. Flott natur, mange hyggelige menneske og godt samfunnsengasjement.

Kva er dine tips for å integrera deg ved flytting til ein ny stad?

Å kunna le av kulturforskjellar og ikkje ta ting for seriøst. Vera aktiv og oppsøkja aktivitetar som du liker; Eg vart med på eit fotballag då eg byrja å studera på nett, og dette vart mi hovudkjelde til sosial kontakt. Eg er framleis med på dette fotballaget, nå som trenar. Å finna nokon som har same interesser som deg er ein god måte å få nye venner på og byggja seg eit nettverk.

Dette kan folk på Stord bli flinkare til i møte med nye innbyggjarar:

Ikkje vera redde for å ta ein prat. Invitera med på ein aktivitet; det kan vera ganske skummelt å bli med på noko nytt, anten det er idrett eller reint sosialt. Viss nokon takkar nei til ein invitasjon, spør igjen! Nokre treng to invitasjonar, nokre treng ti før dei hopper i det.

“

Me må torna å spørja andre om dei vil vera med på ting!

Ragnhild Valvatne Gavshon

Her & Der ...

Siste måndag i månaden har det dukka opp eit nytt fritidstilbod på Stord. - Som om me ikkje hadde nok? vil kanskje nokon seia. Så kvifor har Her & Der dukka opp?

Dalande fritids-engasjement

Deltakinga i organiserte fritidsaktivitetar sokk gjennom tenåra. Forskingstal frå frivillig sektor (2021) viser at samla sett er 71 % av åttendeklassingane aktivt organisert på fritida, men i Vg2 er delen redusert til 39 %. Mange tenkjer at det er bra å vera engasjert på fritida, difor er ei

slik utvikling uheldig.

Ungdom på sakskartet

Trusopplæringsutvala for Stord og Nysæter har hatt ungdomane på sakskartet over lengre tid, og søkt etter kva ønske og behov ungdomane på Stord har. Me har spurt:
– Finst det noko for dei som hoppar av når treningsmengda i idretten aukar og ein veknar frå proff-draumen? Og kva om ein ikkje kan spela eit instrument eller syngja ein rein tone? Eller kva om ein ønskjer å treffa ungdom på tvers av alder, kjønn, skulekrins, idrett og musikk?

Premiere på Her & Der

Dermed sjøsette kyrkja på Nysæter og Stord i august *Her & Der* som eit heilt nytt tilbod for 7. -10. klassingar. Måndag 30.8 kl. 19-21 var det premiere. Me starta ved parkeringsplassen ved Stord kyrkje, men brukte hovudtida i Vidsteensparken. Godt vær gjorde at det låg til rette for både grilling og uteleik.

Variert aktivitet

Sokna våre er velsigna med ei rik gruppe frivillige som supplerer dei fast tilsette. Det gjer at me har høve til å variera aktivitetane i Her & Der nokså mykje. 27. september trudde me at me skulle kanopadla, men mørket kom for brått og stormen vart ikkje stilt. Difor blei det utanårs kokkekamp på stormkjøken og aktivitetar inne i kyrkja i staden. 25. oktober brukte me både kyr-



kjerommet (til dataspel og drama) og kyrkjelydshuset Fredheim (til symesterskap). Også denne kvelden vart avslutta med ein matbit.

Kvifor namnet Her & Der?

Tja. Me sökte etter eit kort og godt namn, som ikkje hadde for tydelege føringar i seg. Noko som kunne passa målgruppa vår.

– Kva er typisk for ein 12- eller 15-åring? tenkte me. Jo, ofte er dei litt «her-og-der». I vår kontekst har me lagt til fargar og tydingar som kan indikera at:

... Her

då er me litt nedpå. Begge føtene på jorda. Me er på vår plass.

... Der

då kan me vera i eit anna modus. Kanskje er me litt over alt, både høgt og lågt. Men under same himmel.

Velkommen utan påmelding

– Tilbodet har ikkje påmelding, og alle er like velkomne. Her & Der er felles for Stord og Nysæter sokn og har i haust vore eit fast tilbod den siste måndagen i månaden, fortel Elisabeth Fauskanger som leiar trusopplæringsutvalet.
Har du lyst å vera med neste gong, eller kjenner du nokon dette passar for? Velkommen! Me har vore mellom 20 og 30 ungdomar, men har plass til fleire. – Hugs siste måndagen i månaden!



Bileta er frå juleavslutninga for Her & Der 29. november i år. Foto: Kyrkjekontoret

13 lette - til 3 som har vore på Her & Der

HER & DER		Leon Vorland Gravdal	Brita Grov Almås	Benjamin Fyllingen	
TAKK til intervjuarane: William Fauskanger og Johannes Grov Nilsen					
Namn:	Leon Vorland Gravdal	Alder:	12 år	Skule:	Hystad skule
Les dagleg	SMS, snap, videospelmeldingar	Lekser		Skulebøker	
Favorittduppett:	PlayStation 4	Mobilen min		PlayStation	
Redd for:	Skilpadder	Tarantellar		Veit ikkje	
Køyrer:	Sykkel	Vanleg sykkel		Sykkel	
Les mest:	Teikneseriebøker	Lekser		Donald blad	
Ser på:	YouTube	Maskorama og Side om side		Tik-tok, You tube, Disney+	
Høyrer på:	Face Off – Dwayne Johnson/The Rock	Spotify, Dua Lipa		Eminem, foreldre	
Trur på:	At eg kjem til å bli kokk	Gud og «Alt blir bra»		Gud	
God til:	Å spela Fortnite	Å springa, turna og teikna		Fotball, Fifa, Need for speed	
Dårleg til:	Å ikkje skada meg	Å stå opp tidleg		Treffa mål på fotball	
Ville bli som 8-åring:	Kokk	Politi		Politi	
Kan ikkje fordra:	Skilpadder	Lauk		Skulearbeid	
Ønskjer du velkommen:	Broren min	Venner		Kompisar	

Når kyrkja skal gjerast klar til jul...

Mørkret senkar seg, det regnar og bles. Me finn fram nissehua og set gløggen på bordet ved sida av stallen og kjänner julestemninga komme; No skal me førebu jul i kyrkja. Nei, det er nok heller slik at førebuingane startar mykje før dei aller fleste av oss tenkjer på nissehue og gløgg. Anna nyttar ikkje for ei kyrkje som skal vera klar til å ta imot alle som strøymer inn dørene i desember månad.

Når det nærmar seg sommar

Ute er det juni, sola skin og det nærmar seg sommarferie. Inne på kyrkjekontoret, med utsikt til gjestehamna med ferierande båtar, blir datoane for julevandringar med barnehagane og skulegudstenester fastsett. Og den vidare planlegginga startar lenge før me finn fram lilla lys og adventsstake. Konsertar skal bookast, avtalar skal gjerast, arrangement og gudstenester skal planleggast og administrerast.

Minnerike opplevingar

Så kjem den før me veit ordet av det: Advents- og juletida, ei fantastisk flott og samtidig travel tid i kyrkja. Det skjer mykje både på dagtid, kveldstid, kvardag og helg. Til advent

og jul kjem det mange til kyrkja og mange ulike forventningar skal møtast. Nokre kjem til kyrkja i sorg og får møta salmar knytt til jul som gjev trøyst. Men først og fremst forbind me advent og jul med glede, med musikk og flott allsong i ei fullsett kyrkje i julehøgtida. Juletida gir mykje att i minnerike opplevingar som me gler oss over.

Song og musikk i adventstida.

Jul og musikk høyrer saman og kantorane og andre musikarar i kyrkjene har travle veker. I tillegg til det som ligg fast veke for veke med gravferd og gudstenester skjer det i desse vekene før jul og mykje anna. Avtalar med musikarar og solistar skal gjerast, julekonsertar skal



Frå julevandring med barnehagane.
Foto: Kyrkjekontoret

planleggast og musikk veljast ut og øvast inn.

Julevandring med barnehagar

I løpet av fire veker møter me forventningsfulle barneauge og har det fantastisk kjekt saman med over 300 barnehageborn og ungdommar. Heile staben på kyrkjekontoret er med på julevandringane som startar med innskriving i keisar Augustus si bok før nokon blir vismenn, englar eller gjetarar. Maria og Josef møter me på vegen til Betlehem og i stallen med stjerne og krybba til Jesusbarnet.

Skulegudstenester.

Siste skuleveka før jul, mellom 14. og 17.desember, er det elevar frå



Stord skulekorps spelar i Stord kyrkje under julekonserten i fjor. Foto: Magne Langåker.

barne og ungdomsskulane på Stord som fyller benkene i kyrkjene til skulegudstenester. Det er ei stor oppleving å sjå og høre skuleklassar stå hand i hand og synge *O Jul med din glede* som postludium.

Gudstenester i julehøgtida

Julaftan i 2020 vart ei spesiell oppleving i kyrkja, med eit makstal på 50 og langt mellom kohortane. I alle år har det vore heilt fullt i kyrkja denne spesielle dagen i året. Gleda har vore stor over å vera så mange saman. Sjølv om det ser ut til at me heller ikkje i år kan ha fulle kyrkjebenker, er det grunn til å kjenna på forventning og glede. Me ser fram til song og musikk og julebodskapen om at Frelsaren er fødd, og me vil gjera det me kan for at høgtidstunda i kyrkja kan delast, på ein trygg måte, med så mange som mogleg.

Minnegudsteneste

Julehøgtida er ei tid der det som er godt kjennest endå betre, og det som er vondt gjerne kjennest endå meir smertefullt. Diakonen i kyrkja har eit ekstra blikk for dette i si førebuing til jul med sjukeheimsbesøk, blomehelsingar og ei eiga minnegudsteneste søndag 26.desember kl. 11.00. På denne gudstenesta les ein opp namna på dei som er døde og gravlagde i Stord og Nysæter kyrkje det siste året og det er lystenning, musikk og songinnslag.

Julehelsing

Det er ikkje bare i advent og julehøgtida det skjer mykje i kyrkjene på Stord. Heile året møter me born og vaksne, unge og gamle til ulike samlingar, gudstenester og arrangement. Me er svært takknemlige og glade for at det er så mange frivillige medarbeidararar som på ulike måtar er med og bidreg i kyrkjene. Ei stor takk til alle dykk frå oss tilsette.
– De er gull verdt!

I møte med andre

I møte med andre er det kroppsspråket vårt som er viktigast, så kjem stemmebruk. Bare 7% av det me formidlar handlar om orda me seier. Så korleis møter me andre? Og korleis vil me bli møtt sjølv? Me har snakka med soknediakon Olaug Gloppen om dette, og deler nokre tankar frå samtalen her.

A sjå den andre

Eit ordtak seier at «eit smil seier meir enn tusen ord». Korleis viser me at me set pris på og er interessert i menneska me møter? Opne hender er venlege og imøtekommande, lukka hender det motsette. Auge som møter den andre sitt blikk og viser interesse gjer noko anna med oss enn å møta auge som ser ned.

Spør og småprat!

Eit spørsmål om korleis den ein møter har det innbyr til samtale og dialog. Gjennom småprat om ver og vind kan ein bli kjent og finna andre samtaletema. Det motsette er tilfelle om ein møter nokon som er mest opptekne av å snakka om seg sjølv, eller om kor travle dei er.

Lytta og visa interesse

I ein dialog er det minst to som gir og tar imot. Me er skapt med ein munn og to øyrer, kanskje kan me ta det som eit teikn på at me skal lytta meir enn me snakkar sjølv? Vil ein møta menneske på ein god og tillitsfull måte må ein visa interesse, stilla opne spørsmål og vera god på å lytta utan å avbryta. I møte med menneske legg ein nemlig fort merke til om den ein snakkar med er genuint interessert i meg og det eg har å fortelja. Det er med og skapar trygghet og opnar for vidare samtale. Det motsette skjer om ein merkar at den ein snakkar med allereie har neste avtale i tankane, eller finn fram mobilen så snart den gjer lyd frå seg.

A vera på "du-plan"

I all form for kommunikasjon er det viktig at me oppnår kontakt, er trygge og inngir tillit om me skal forstå kvarandre. Difor er det å gje andre ei oppleving av at ein er på same nivå viktig, i forhold til f.eks stemmebruk, toneleie og tempo. Me må vera på «du-plan» med kvarandre i møte med dei me møter.

Ulike behov

I kyrkja møter me mange i løpet av eit år, frå dei yngste til dei eldste blant oss. Nokre møter er prega av sorg og sakn. Andre møter er fylt med stor glede. Nokre av dei me møter er opptekne eller oppdratt til å ikkje vera til bry. Andre veks opp i ei tid der det er heilt naturleg å krevje merksemrd. Nokre som kjem til kyrkja er stille, gøymer seg og vil helst bare gå inn i kyrkja utan å bli lagt merke til, andre kjem med eit behov og eit ønskje om å bli sett.

Kjensla av å vera viktig for nokon

Både som kyrkje og medmenneske kan me i møte med andre tenkja på korleis Jesus møtte menneske. Korleis han tok seg tid. Korleis han såg dei han møtte. Korleis han løfta opp menneske og gav dei nytt mot og sjølvkjensle. Jesus hadde evna til å sjå den enkelte, han lot verda stoppa litt opp og gav den han møtte ei kjensle av at akkurat nå er det akkurat du som er viktig for meg. Kjensla av å vera viktig for nokon, den går ikkje ut på dato, men er like aktuell i dag.

Tusen takk for gāva du vil gje!



Fra julevandring med barnehagane.
Foto: Kyrkjekontoret

Ein engel til jul?

«Du», kviskrar guten til sokneprest Jørgen. «Du» kviskrar han igjen og ser opp på presten som denne dagen er med på julevandring og er iført englekostyme som erkeengelen Gabriel. Guten sine øye er store som tinnallerkenar når han spør «Du, var du med den første gongen dette skjedde også?»

Guten er ein av over 300 born og unge som i vekene før jul kjem på besøk i kyrkja for å vera med på julevandring. Guldkorna sit laust og tindrande barneauge gjer oss fantastiske møter i adventstida. Me kjenner oss heldige som får vera med å gjenskapa den første julekvelden.

Me som skriv og lagar Spira kjenner oss også heldige. Heldige som får fortelja deg om noko av det som skjer i kyrkja på Stord. Heldige som får koma på besøk til deg! Og me vil gjieme at Spira skal bli eit fast innslag i postkassen din tre gonger og i året som kjem.

Vil du vera med og gje ei julegåve til kyrkjebladet Spira?
På førehand tusen takk.


Helsing redaksjonen i Spira v/ Olav J Oma, redaktør.

”Til lukke med nytt blad! Fint design og fin logo! Og, det er ikkje nok ”pirk” til at dei bør nemnast. Men, eg har lese alt!”

Tilbakemelding fra ein SPIRA-lesar

”Knallbra Spira om song! Det var rett og slett imponerande!”

Tilbakemelding fra ein SPIRA-lesar



Kvittering	Betøp	Betalingsinformasjon	Betalt til	Betalt av	Kroner	Øre	Til konto
		Denne blanketten kan ikke nyttast som brevgiro				SPIRA v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd Hamnegata 48 5411 Stord	
						3201 23 04578	

Internasjonalt fellesskap

– Det er utrøeg berikande å få venner frå så mange kantar av verda, seier Kari Bolette Kjølberg Lundal. Ho er ei av fleire frivillige i IKF Stord. IKF Stord har arrangert språkkafe og bibelsamlingar i kring ni år. Spira var med på grautfest i adventstida. IKF står for Internasjonalt Kristent Fellesskap.

– Eg har vore med nesten sida starten. Eg blei med nesten med ein gong eg kom til Stord, fortel David. Han kjem opprinnelig frå Rwanda, men når eg spør kvar han kjem frå, så seier han Stord og smiler breitt.

– Det er fint å vera med. Og kjekt å møta fleire folk. Eg pleier å invitera med forskjellige folk, fortel han.

Bibellesing

Bibelgruppa har halde på gjennom heile koronatida. Då møtest dei annakvar veke på Gjenbruken og er ikkje så mange. Dei som kjem på bibelsamlingane har med seg Bibelen på deira eige morsmål.

– Først les dei på eige språk, og

så les me alle på norsk, fortel Kari Bolette Kjølberg Lundal. Dei som kjem på bibelsamlingane er frå Iran, Irak og afrikanske land.

– Det er mangfaldig og fargerikt.

Språkkafe og ope hus

Språkkafeen opna igjen no i haust etter koronatida.

– Det har ikkje vore så mange som har kome enno, men det er både nokre unge familiar og nokre eldre som har kome, fortel Lundal. Ho trur det vil ta litt tid å innarbeida vanen å koma igjen etter koronatida. Før koronatida var det ganske mange som kom.

På språkkafeen er det nokre norske

kvinner som har ansvar for kjøkenet, og lagar vafler, te og kaffi. Nokre gonger er det nokre med bakgrunn frå utlandet som hjelper til på kjøkenet.

Så sit dei rundt små bord og snakk. Barna får spela og teikna. Hana (8) har med seg to jenter frå klassen sin.

– Det er kjekt å vera her. Dei snakkar om Jesus, og så syng me songar. Eg har òg gått på søndagsskule her. Faren hennar Salem Valadipour er med.

– Det er fint å vera med her, seier han. Han er kurdar frå Iran og kom til Stord for seks år sidan.



T. v Kari Bolette Kjølberg Lundal. Over: David og Ola Malvin Lomheim har blitt kjent gjennom språkkafeen og bibelgruppa til IKF Stord. Foto: Svein Olav Langåker



Inger Amina Muri med dottera Leyla på fanget. Dei perlar i lag med Diako Valadipour (5)
Foto: Svein Olav Langåker

Sorger og gleder

Tidlegare i haust, då det var storingsval, snakka dei litt om valet, fortel Kari Bolette.

– Det er kjekt sosialt samvær med eit lite blikk på det som har med språk å gjera, seier ho.

På slutten av kvar samling er det andakt. Det er frivillig å vera med på.

– Det kjem muslimar også. Ofte har dei valt å vera med på andakten, fortel Kari Bolette. No har dei ein forenkla andakt og song. «Navnet Jesus blekner aldri» er blitt ein kjenningsmelodi for samlingane.

– Eg trur det betyr noko for dei som kjem, sjølv om det ikkje er så mange no. Det er eit samlingspunkt for familiar.

Ho kjenner til familiarar som har det tøft.

– Me får del i sorger også. Det kan

vera redselen for kva som skjer når nokon har fått avslag på opphaldsløyve.

Treng fleire frivillige

Ola Malvin Lomheim er leiar i IKF Stord. Han fortel at dei treng fleire medarbeidarar, gjerne til personlege kontaktar og aktivitetar innafor eller utafor ope hus og bibellesing kvar tysdag.

– Personlege relasjonar er avgjande for å koma i kontakt med nye landsmenn, og ta dei med inn i fellesskap. Me har eit stort behov for barneaktivitetar og tilsyn av born på ope hus-kveldar annakvar veke, og større festar.

Nyttårsfest er planlagt til laurdag 15. januar, viss ikkje koronaen gjer om på det.

”

Personlege
relasjonar er
avgjерande for å
koma i kontakt med
nye landsmenn,
og ta dei med inn i
fellesskap.

Ola Malvin Lomheim

reStart

Helga 22.-24. oktober vart det markert at kyrkjene våre var opne for samlingar utan registrering av oppmøte og ein-meters avstand.

Det var med stor glede vi markerte gjenopninga med; Kveldssamling i Stord kyrkje, basar i Nysæter, Quiz i Kyrkjestova (Fredheim), KRIK-samling, søndag med gudstenester på Huglo bedehuskapell, i Stord og Nysæter kyrkje. På søndagen var det ekstra fin kyrkjekaffi med stor deltaking på Kyrkjestova.



Frå reStart-helga - pizza og Quiz i kyrkjestova. Foto: Dag Sele/ Kyrkjestova



Frå reStart-helga: KRIK-samling
Foto: Kyrkjekontoret



Frå reStart-helga: KRIK-samling
Foto: Kyrkjekontoret



Frå reStart-helga - pizza og Quiz i kyrkjestova.
Foto: Dag Sele/ Kyrkjestova



Det er stas å få 4-årsboka - frå utdelinga i Nysæter
Foto: Kyrkjekontoret

4-årsbok

I oktober vart det gjennomført tre gudstenester med utdeling av bibel til fireåringane.

Det vart fine gudstenester, med stor deltaking. Mange eldre born var deltok med ulike oppgåver; lesing, speling, fiolin, piano og song. Fireåringane, og kyrkjelydane, var med og telte sauer. Dei leita etter nummer hundre, den som hadde gått seg bort. Kring 70 fireårsbiblar vart delt ut.

Konsertar

Livsvandringa

31.oktober vart konserten LIVSVANDRINGA gjennomført i Stord kyrkje. Den vart til som eit samarbeid mellom kunstnaren Per Flatøy, fotograf Magne Langåker og kantor Ole Jørgen Furdal. Salmen «Lær meg å kjenne dine veie» var sentral i samarbeidet.

Sandra Linnea Lindwall song, Ole Jakob Hystad var med på tenorsaksofon, Halvor Folgerø spelte kontrabass og elbass, Ole Jørgen Furdal var på tangentane, medan Nina Sæternes Johannesen stod for tekstlesingar.

Julekonsertar

Dei tradisjonelle julekonsertane i Stord kyrkje vart arrangert 2. søndag i advent. Kantor Ole Jørgen Furdal var sentral i gjennomføringa. Korps og kor, gamle og unge var med og song og spelte.

Denne kvelden deltok vel 250 sangerar og musikantar. På den første konserten deltok Langeland skulekorps, Stord con spirito, Lovsongsbrørne, Soul children og Stord og Rommetveit skulekorps.

Ved den andre konserten var Leirvik mannskor, Stord musikklag, Songlaget Stordabuen og Stordkoret med.

Eit stort og lydhørt publikum gledde seg over det dei fekk høyrta.



Frå konserten Livsvandringa
Foto: Magne Langåker

Messe for en såret jord

7. november vart det endeleg tid for å gjennomføra "Messe for en såret jord" i Nysæter kyrkje. Dette var ein del av koret Sanctus si 25-årsmarkering og som del av Nysæter kyrkje si 30-årsmarkering. Då vart Erik Hillestad og Ketil Bjørnstad si Messe for en såret jord i Nysæter kyrkje søndag 7.november kl 1900. Øystein Heide Aadland hadde fått med seg fire profesjonelle musikarar og i tillegg ein student frå Rytmisk utdanning ved universitetet i Kristiansand.



Messe for en såret jord. Foto: Magne Langåker

Til deg som er i sorg

Kyrkjene på Fitjar, Stord og Børnlo har ulike tilbod til deg som er i sorg: Temakveldar, samtalar med prest eller diakon og sorggrupper. At ein av våre nærmaste døyr kan vera noko av det verste me som menneske opplever. Erfaring viser at det er viktig å snakka saman om det som er vondt og vanskeleg, dela erfaringar og hjelpa kvarandre med livet vidare.

Oppstart av nye sorggrupper

Nokre har familie og venner dei kan dela sorga med, medan andre har få å snakka med. For nokre er det også vanskeleg å snakka om korleis ein har det med sine nærmaste. Mange har opplevd at det har vore til hjelp å delta i ei sorggruppe. Kyrkjene på Fitjar, Stord og Børnlo har oppstart av nye sorggrupper i januar 2022.

Kva er ei sorggruppe?

Dei som har mista nokon dei stod nær er velkommen til å delta i sorggruppe. Ei sorggruppe er ei sjølvhjelpsgruppe der ein kan dela tankar og utfordringar om livet med andre i same situasjon. Gruppa vil ha faste deltakarar. Ingen nye deltakarar blir då med etter at gruppa er starta. Det vil vera 4-6 deltakarar og to leiarar i gruppa, og 6-8 samlingar, ca. kvar 14. dag. Tilboden er gratis.

Påmelding

Ynskjer og treng du å delta i ei sorggruppe, eller ynskjer meir informasjon kan du ta kontakt med ein av oss innan 14. januar:

Olaug Gloppen

Diakon i kyrkja på Stord
E-post: olaug@kyrkja-stord.no
Telefon: 4163972

Sissel F. Våge


Diakon i kyrkjene på Børnlo
E-post: sissel.vage@bomlo.kommune.no
Telefon: Tlf. 53 42 32 85.

Individuell samtale?

For individuell samtale er du velkommen til å ta kontakt med prest eller diakon i din kyrkjelyd.

”

Ei sorggruppe er ei sjølvhjelpsgruppe der ein kan dela tankar og utfordringar om livet med andre i same situasjon.



Koronarestriksjonar i kyrkjene

Kor mange?

Frå 9. desember er det igjen innført restriksjonar for arrangement. Når bladet går i trykken tilseier gjeldande reglement at me kan vera inntil 200 menneske i kyrkja når me tilviser plass. I Stord der det er benkar skal

det vera ein meter mellom dei ulike husstandane. I Nysæter og på Huglo der det er stolar er det krav om ein ledig stol mellom kvar husstand.

Registrering

Alle som kjem til kyrkja sine

arrangement må registrerast, med namn og telefonnummer.

Munnbind

Det er og krav til at alle vaksne, over 20 år, brukar munnbind når ein ikkje sit på plassen sin.

Julehelsing frå biskopen

For eitt år sidan

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.*

Avhengig av å bli tekne imot

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

“

Ver trygg på at
Gud uansett vil
møta deg der du
er og dela dagane
dine med deg

Halvor Nordhaug

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjel pelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var

avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Den fysiske samlinga

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Heile menneske

Gud sokjer oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

God grunn til å komma

Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald. Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod



Biskop Halvor Nordhaug
Foto: Bjørgvin bispedømekontor.

kva dei var med på.


Du blir møtt der du er

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så ver trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

* Denne andakten er ei helsing frå biskopen i Bjørgvin, Halvor Nordhaug. Me gjer merksam på at den er skriven før dei siste korona-restriksjonane kom. Verken me eller biskopen oppfordrar til klemming eller handhelsing i denne tida.

Tusen takk til støttespelarane våre!



anleggsgartnar.no
JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400

• •
brilleriet
www.brilleriet.com



FRONTA

aktiv.
Eiendomsmegling



Fylkesnes Bil
/// ENKELT OG KOMPLETT ///



SPAR
Prøv Sagenesen
sin nettbutikk på **spar.no!**

Tannlege Øen
Tannregulering og allmennpraksis

RENEVO



**Stord
Begravelsesbyrå**

www.stordbb.no

STØTTESPELARAR

**Mange på
spleiselaget!**

Me er veldig takksame for alle aktørene i næringslivet som har støtta og støttar SPIRA. For å kunne gje ut SPIRA treng me mange på spleiselaget. Kunne du tenke deg ei støtteannonse i bladet? Gje oss ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.no.



salt

passion for ship design



Annonseplass
for di bedrift?

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. **kirkens-sos.no**



The grid contains four service options:

- SOS** 22 40 00 40 (dark blue background)
- 
- SOS** CHAT (yellow background)
- 
- 
- SOS** MELDING (purple background)
- 

KIRKENS SOS

Døypte sidan sist

Huglo bedehuskapell

Søndag 24.10

Olav Sørli Sortland
21.11
Emma Therese Aasheim

Nysæter kyrkje

Søndag 03.10

Kasper Thormodsæter Ilomo
Leonel Lundsvoll
Ella Tvedt Polden

Søndag 10.10

Tiran Almås Agasøster

Stord kyrkje

Søndag 17.10

Vilde Lexau Andersen
Olivia Bakken Fjellanger
Einar Horneland
Thea Økland Vågen
Maren Bøyum Solberg
Mea Rossland

Søndag 24.10

Silas Stakseng Helland
Edward Horneland
Frieda Mathilda Grini Prinz
Olve Grini Skorpen
Jonas Jansson Kalvenes

Søndag 31.10

Elida Vinnes Andersen
Jone Dybvik Fjellet
Erik Götz

Søndag 07.11

Lykke Lindwall Nyhammer
Hjalmar Ekerhovd Mæhle
Olav Støve Børteit
Simon Engevik Nylund
Mathea Meløy



Inger Kristine og Jakob Saghaug saman med dottera Sofie. Foto: Privat

Velkommen til dåp!

7. november kl 13:00 blei Inger Kristine og Jakob Saghaug si dotter Sofie døypt i Stord kyrkje i ein 30 år gammal dåpskjole.

Dåpskjolen høyrer til mamma Inger Kristine sin famili, sydd av hennar bestemødrer og med namna og dåpsdatoane til alle som er blitt døypt i kjolen brodert på.

På spørsmål om kvifor Inger Kristine og Jakob ville døypa Sofie, svarar dei at ho blei døypt fordi dei synest

det er ei fin markering av at dei ønskjer å oppdra jenta si i den kristne trua. Dåpsdagen blei feira saman med familie og vener, og foreldra er takknemlinge og ser tilbake på ein fin dåpsdag.

Ynskjer du dåp i ei av kyrkjene våre? Bestill tid på heimesida vår: kyrkjastord.no. Du kan sjølvsgått heller ringa oss om du synest det er greiare, eller om du ikkje finn dag og tid som passer: Tel. 53403430.

Sofie Hatlevik Saghaug
Sverre Halleraker Westerheim
Ulrik Lønseth Nordhus
Amund Gerhardsen Solbakke

Victoria Log
Filip Soriano Vad
Filip Hellesund Nylund

Søndag 14.11
Engeline Pettersen Jordal
Falk Pettersen Engevik
Solveig Naustdal Isane
Ella Mathea Helland Flekke
Torbjørn Eide Rossland
Magnus Bratseth Jørgensen

Søndag 21.11
Hedvig Angeltveit Åkra
Nellie Agdestein Børteit Sætre

Søndag 05.12
Hans Ottesen Røstbø
Leonora Thomassen Agdestein